



Statens vegvesen

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Y Kvinnherad kommune	
28 OKT. 2013	
Saksnr.: 13/1089	U.off.:
Saksbeh. ESU	Kopi:

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:
2013/047532-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.10.2013

Søknad om avkøyrsløse - Gnr. 140 bnr. 8 - skogsveg / tilkomstveg til Postvegen - Husnes - Interesselaget Postvegen

Vi syner til dykkar søknad mottatt 15.10.2013.

Vedtak, datert 20.08.2013, om midlertidig avkjørsel fv. 48, hp 9, km 3,510 på gnr. 140, bnr. 8 i Kvinnherad kommune vert oppheva.

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til å leggje avkøyrsløse for tilkomst til «Postvegen» og eksisterande bustad under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.
Veg/stad: fv. 48 hp 9 ved km 3,504 gnr. 140 bnr. 8 i Kvinnherad kommune.

Vi gjer Dykk merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje dykkar rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsløse skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort.
2. Avkøyrsløse må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsløse frå offentleg veg, som de finn på lovdata.no.
3. Avkøyrsløse skal også kunne vere felles med andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsløse.
4. Krav til friskt 4 meter inn i avkøyrsløse skal vere minimum 70 meter til begge sider. Sikta fram og bakover på vegen ved avkøyrsløse må vere minimum 70 meter. Dette inneber at alle sikthindringar (vegetasjon, terreng m.m) over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsløse og fv48 må fjernast. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter).

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

5. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
6. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
7. Under avkøyrsla må det leggjast drenering med minimum 300mm i diameter med kummer og køyresterk rist. Røyret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsla får eit fall på minimum 1:6.
8. Eksisterande avkøyrslle v/km 3,444 til gnr. 140, bnr 8 skal fjernast,gravast opp og stengjast fysisk.
9. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen.


Ta kontakt med sakshandsamar dersom de har spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing



for Carl Erik Nielsen
seksjonssjef


Per Steinar Nedkvitne


Kopi: Oddvar Nedrevaag; Raudsteinsvegen 145, 5460 HUSNES
Interesselaget Postvegen, Eikedalen 122, 5451 VALEN
SEM Sikkerhet AS, Pb. 49, 5821 BERGEN

PRINSIPPSKISSE


Krav til frisikt for avkjørsla :



Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla / tilkomstveg :



Statens vegvesen, Plan og Forvaltning, Voss og Hardanger

Jnr

2013/047532

Ark nr